

Kommunal og moderniseringsdepartementet

Att. Einar Lund

**Vår ref:** 2014/755-4      **Saksbehandler/Direkte Telefon:** Sverre Jokstad/56 15 84 48      **Deres ref:**      **Dato:** 20.08.2014

## **Viljesangivelse om deltakelse i prosjekt.**

Viser til deres brev av 12.8.2014 der det bes om en viljesangivelse for deltakelse i prosjekt om Universell utforming.

Askøy kommune ved kulturavdelingen ønsker å delta. Vi har et forvaltningsansvar for Herdla fort som i dag er et friluftsområde. Området dekkar den nordvestlege delen av øya Herdla. Øya, som ligg heilt nord i Askøy kommune, har ei flatevidd på rundt 2 kvadratkilometer og utgjer eit lite lokalsamfunn med rundt 110 innbyggjarar. Avstanden til kommunesenteret Kleppestø er ca 30 km, medan avstanden til Bergen sentrum er ca 45 km.

Herdla er eit etablert turmål og ein viktig regional reiselivsdestinasjon. Dei fleste besökande kjem til øya for å utøva friluftsliv eller aktivitetar som golf, fiske, vindsurfing m.m.

Friluftsområdet omfattar mesteparten av det tidlegare militære området på Herdla. Den militære aktiviteten starta under den tyske okkupasjonen då det blei etablert både flyplass, kystfort og torpedobatteri. Etter krigen overtok kystartilleriet fortet og torpedobatteriet som var i drift fram til 2000. Forsvaret har halde att eit areal på 68 dekar, der mesteparten vil vera tilgjengeleg for ålmenta.

Torpedobatteriet, som blei oppgradert på 1990-talet, skal bevarast som eit kulturminne frå den kalde krigen.

Bygningane på Herdla fort og området rundt desse (17 dekar) er selde til Askøy kommune.

Friluftsområdet er nærmeste nabo til fuglefredingsområdet på Herdla. Dette er det rikaste fugleområdet i Hordaland med meir enn 240 registrerte artar.

Det er ei målsetjing at etableringa av friluftsområdet skal verka til å redusera ferdselspresset i naturreservatet.

Friluftsområdet er tenkt som innfallsporten til Herdla. Her er såleis etablert parkeringsplass, finansiert av DN. Kommunen har på si side opparbeidd gang- og sykkelveg fram til fortet.

Inne på området er det i dag et behov for å tilrettelegge bedre for universell utforming av spesielt utviklingspunkter, gangveier og minnepark. Vi ønsker dette som prosjekt.

Med hilsen

Gunnar Brynjulfsen  
fagsjef kultur og idrett

Sverre Jokstad  
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

<b>Postadresse:</b> Postboks 323, 5323 Kleppestø	<b>Besøksadresse:</b> Gamle Kleppestøvegen 2, 5300 Kleppestø	<b>Telefon:</b> 56 15 80 00	<b>Bank:</b> 6515.06.05509
<b>E-post:</b> postmottak@askoy.kommune.no	<b>Telefaks:</b> www.askoy.kommune.no	<b>Org.nr.:</b> 56 15 83 90	<b>Org.nr.:</b> 964 338 442